

Etter på jakta møte 27.04.25

Møtestad; Kommunestyresalen kl 20 00.

Antal oppmøtte medlemmer vart 22 stk inklusiv fulltalig styre.

Møtet opna presis kl. 20:00, og alle oppmøtte yngst velkomne av Jaktleiar Aksel Fiskå Øren.

Aksel presenterte resultat og detaljopplysingar, angående jakta 2024. og la til statistikk om fellings rapport i HUL omliggande lag/ områder.

I tillegg presenterte Jaktleiar om antal felte dyr motteke frå Vanylven kommune.

Det kom uttale frå to medlemer om att det har blitt observert mykje hjort i ytre del av HUL sitt område, og aukande skadebeiting, og meinte at tildeling av fellingsløyve må aukast. Denne delen av feltet har i lengre tid blitt vurdert med mindre populasjon av hjort, og det kom mot-semje på uttalen. Andre oppsitjarar i området hadde ikkje observert auke av dyr, og at felling bør være uendra.

Jaktleiar, i samråd med styret i HUL kallar inn til møte med felt 1-9 til kartlegging av tettheit av hjortestammen.

Eventuelle endringar i historisk fellingsløyve kan bli tatt med på neste driftsplan.

Fri kalveskyting?

Styre stiller seg positive til fri kalveskyting, og eventuelle avgrensingar om fri kalveskyting vert å bestemme etter teljeresultat av neste hjorteteljing dagsett til natt til 3. Mai.

Det blir og sett høg fokus på skytetrening, sikkerheita, og human jakt og behandling av felt hjortevilt.

Felling statistikk og detaljopplysing tilknytt hjorteforvaltning, jakt og felling er tilgjengelig for publikumpå heimesida, hovdautmarkslag.no.

Eit produktivt og fint møte vart avslutta : 2130

Styret i HUL takker for godt oppmøte.

03.05.25.....

Per Marius Lillehamre

Styreserkretær

Signature: *Per Marius Lillehamre*

Per Marius Lillehamre (May 3, 2025 10:38 GMT+2)

Email: permarius@msn.com